



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Pausesteinen

TUREN

Sola har kome tilbake, snøen er ny, og me er på veg ut av byen. På taket ligg dei nye breie skia mine, såkalla pudderplankar mellom entusiastar. Blikket er retta mot eit flott fjell som badar seg i vintersol. Du verda kor heldig eg er som bur i Nord-Noreg, tenkjer eg, med slike tøffe toppar rett utom kjøkkendøra. Men tanken forsvinn fort då me kjem under fjellet. Opp mellom den glisne bjørkeskogen snor det seg eit tog av skiløparar, med same mål som me. «Dette gidd me ikkje», sukker kompisen min medan han snur bilen, «eg orkar trass i alt ikkje å gå i kø».

Me finn eit anna fjell. Det ligg i skuggen, rett nok, men det legg ingen dempar på stemninga. Me er først i sporet og snøen er lett og fin. Tempoet er høgt, og me når sikkert toppen innan eit par

timar. Det er noko merkeleg, slår det meg, medan eg går og ser på baskia til kompisen min, eller kanskje ikkje så merkeleg, men annleis. Skia har vorte breiare og tyngre dei siste åra, støvlane stivare og høgare, men likevel går me fortare. Eg tenkjer på Odd Børretzen, som song at «alt går så fort i våre dager». Eg er ikkje nostalgisk, for all del, men toppuring er heller ikkje som det var. For tjuve år sidan var det ein skikkeleg dagstur å gå på dette fjellet. Sekken var full av mat og drikke, og me tok fleire pausar på vegen opp. I dag rekk me opp og ned før lunsj.

Utsynet blir vidare. Det har kome fleire bilar på parkeringsplassen, kan eg sjå. Me held tempoet. Me seier ikkje noko om det, men korkje eg eller kompisen min ønskjer å bli teken igjen. Ved pausesteinen stoppar me for



Kvifor tek ikkje fleire seg tid til å kose seg ved pausesteinen når dei er på topptur? Foto: Stein Tronstad

første gong. Før grov me ei grop her, sette oss ned, drakk te og åt matpakka. No drikk me litt vatn, sluker eit par kjeks og held fram, utan eingong å ta av oss skia. Bak oss nærmar dei seg. Sikkert ein gjeng med blodtrimma førtiåringar med birkebeinaren i blikket. Slike som les treningsmagasina i Dagens Næringsliv og diskuterer makspuls i lunsjen. Eg tenkjer igjen på Børretzen som song om femmilsløparane i Holmenkollen

som ikkje lenger hadde tid til å ta suppepause. Nei, eg er ikkje nostalgisk, har eg sagt, men kva er det som skjer? Kvifor går me så fort? Spørsmålet surrar medan eg slit dei siste høgdemetrane mot toppen. Eg hugsar då «frisksportar» vart brukt som eit skjellsord av skikkelege fjellfolk. Den gong trening var noko idrettsfolk heldt på med, ikkje fjellklatrarar. Eg skjønner at det er annleis no. Men kvifor har eg det så travelt med

å nå toppen? Det må vere ønsket om å kome først opp for å køyre først ned. Med så mange toppturløparar må ein gå på for å få ei urørd fjellside. Det må vere difor. Eg kan umogleg ha late meg rive med i ei utvikling der også toppurane har vorte ein tevlingsarena for karar og kvende som vil måle krefter.

Me når toppen før forfølgjarane. Eg heng over stavane og kjenner ein flau blodsmak i kjeften.

«Teosofene lærer visstnok noe om at vi efter døden kommer til å gå igjen i en annen skikkelse, og jeg for min del vil inderlig håpe at jeg ikke kommer til å gå igjen som trekkhund på polarekspedisjoner.»

Helmer Hanssen, deltakar på fleire av Roald Amundsens ekspedisjonar



Ronny Finsås flyg over viddene, her ved Patriot Hills i Antarktis.

Tøffare enn toget

REKORDEN

Nokre måler krefter med dei største når dei skal setje rekord. Mellom kitarar i fjellheimen finst ei

tevling om kven som kan segle fortast mellom Finse og Geilo. NSB greier det på 40 minutt med bergensekspresen, medan

Ronny Finsås, kokken på Finse med lang fartstid i Antarktis, brukar 59 minutt. Han presiserer at det er frå toppen av skiheisen på

Finse til alpananlegget i Havsdaalen ved Geilo. Like fullt. Ein snittfart på 50 km i timen med ski på beina er tøffare enn toget.



TIEDEMANN'S TOBAKK måtte være med på polferdene.

NANSEN:
Til FRAM-ferden 1893–96 hadde vi fra Tiedemanns Tobakksfabrik rikelig forsyning av røktobakk og skrå som ble høit skattet. Tobakken holdt sig fortreffelig hele tiden og var like god den siste dag av ferden som 3 år som den første.

AMUNDSEN:
Tobakken var som nybakket efter et fravær av 4 år. Gjengangne usatte for kalde og varme (+30° til +40° C), fuktighet og tørke — var den like god.

SVERDRUP:
Tiedemanns Tobakk er den mest holdbare og velmakende jeg kjender. Efter et fravær på over 4 år tok vi den siste rest. — Den var like frik og god.

Tobakk på ekspedisjon

GAMALT UTSTYR

Røykjarar er ikkje som dei ein gong var. Eller i det minste er synet på røykjarar noko endra dei siste åra. For polfararar, til dømes, var tobakk ein viktig og naturleg del av utrustinga. Roald Amundsen la ikkje skjul på kor rikeleg med tobakk dei hadde fått sponsa på ekspedisjonen til Sør-

polen, slik at dei, i tillegg til den daglege skråtøyginga og piperøykinga, kunne nyte ein sigar både på laurdagskveldane og sundag etter middag. Fridtjof Nansen, derimot, hadde vore kjipare med nyttingsmidla på kryssinga av Grønland, til Samuel Baltos store ergring: «Det var en forferdelig straff å jobbe uten tobakk.» Men

grønlandskryssarane fann ei løysing. Dei skar bitar av tjøretauet og putta det i kjeften.

Polfararane var òg rause med godorda til tobakksindustrien. Som då Amundsen i 1925 kunne fortelje avislesarane kor god Tiedemanns verkeleg var: «Den smaker bedre end søt fløte», hørte jeg en av mine kammerater paa Gjøa si.»



Primus EtaPower Pot er ein av dei mange nye turkjelane med integrert varmevekslar. «Dette gjør at du koker ca. 30 prosent mer effektivt og raskt», skriv til dømes Sportsnett, men seier ingenting om at han kan vere livsfarleg inne i teltet.

Døds-kjelen

NYTT UTSTYR

Moderne turkjelar med såkalla varmevekslar skal vere mykje meir effektive enn tradisjonelle flatbotna gryter. 30–40 prosent meir dugande, skal me lite på reklamen, som òg kan fortelje oss at drivstoffbruket difor blir redusert med ein tredjedel, noko som gjer sekken lettare og turen meir miljøvenleg. Men det reklameteksten ikkje fortel oss, er at flammen på brennaren under desse varmeeffektive grytene ikkje blir like varm som elles. Dermed blir ikkje forbrenninga like fullstendig – med den alvorlege konsekvensen at kolosutsleppet aukar dramatisk. Eg er ingen kjemikar og forstår ikkje heilt korleis dette heng saman, men har fått forklart at kolosen aukar med ti gonger når du set ein kald, flatbotna kjele på primusflammen. Det er til å leve med. Men dersom du byter ut den tradisjonelle kjelen med ein slik moderne varmevekslar, aukar utsleppa ytterlegare ti gonger. Altså hundre gonger meir enn når flammen brenn ope. Og sjølv om eg altså ikkje er kjemikar, har eg erfart korleis det er å gå i bakken på grunn av kolosforgifting, fordi me smelta snø i ein slik moderne kjele. Det siste året har det kome fleire rapportar og vitnemål som slår fast dei høge kolosverdiane frå desse kjelane. Like fullt kan eg ikkje sjå at salskanalane gjer merksam på det. Difor: Varsku, varsku! Brukar du desse kjelane i teltet, kan dei ta livet av deg!



Jo Gjende 1794–1884

BIOGRAFIEN

Han skal ha vore ein av inspirasjonane til Ibsens Peer Gynt. Nansen kalla han «et ekte skud af den gamle norske kjempestamme». Han var den vidgjetne fangstmannen som budde i Jotunheimen, levde av reinsjakt, las filosofi og kritiserte kristendomen.

Han vart fødd Jo Tjøstolvsson Kleppe og fekk ein tøff start på livet då begge foreldra døydde før han var fire år. Han skaut sin første reinsbukken atten år gamal, og frå då av drog han oftare og oftare til fjells. Om lag 1840 bygde han seg ei bu ved Gjendosen, seinare ei ny bu lenger vest

i fjellet. Ein periode budde han året rundt i fjellet.

Jo Gjende skal ha skote om lag seks hundre reinsdyr i sin lange jegerkarriere, fem hundre av desse var bukkar. Han la òg fem bjørnar i bakken. Men i 1870, då han var 76, vart det slutt: «Eg kjøm ikkje te, aa bruke Riflunn mine paa Rein meir», sa han då, «eg skulde nok skjote han enno, ou, men de bli snart ingen Rein aa finne i Fjellom.» Årsaka var klår: «Alle disse Engelmennann og dette Byfolke som fer og kliv i kaar ein Tinn, døm gjere saa mykjy, at de bli ikkje bjoande te for Bygdefolk aa gaa ette Reine meir.»

Sjølvpålagde lidningar i grisgrendte strok

Nokre gonger, i mørke stunder, tenkjer eg at det lyder litt sånn – ja, litt sånn som ein tapar, at du må reise så langt vekk frå folk som du berre kan kome for å finne meininga med livet. Eg tenkjer, i dei stundene der, at eg skulle ha gjort nytte for meg mellom menneske framfor å øydsle bort kreftene på meiningslause vågestykke i ville fjell og over aude iskarpar.

Knut Hamsun fyrer opp under dei meir dystre sidene av sjølvbiletet mitt: «Er dumdristig, vel tilendebragt Vovestykke, en halsbrekkende Gjærning, en Sportsaffære, et Lykketreff, noget at beundre?»

Heldigvis kan eg finne trøyst hos eventyrarane som var større enn eg. Sidan Hamsuns tankar om risikosport speglar grønlandskryssinga til Fridtjof Nansen i 1888, lèt vi Nansen få siste ord i denne vesle bolken om meininga med livet. Denne er frå dagboka i 1901: «Men kulturen gjør menneskelivet rigere, dybere! Er det sikkert? Ja kanskje for de få? Men er den jagende pengespekulantens liv i virkeligheden rigere end nomaden på de vilde sletter, eller den frie Eskimoen?»

STEIN P. AASHEIM



Frå Great Trango Tower i Pakistan, 1982. Foto: Stein P. Aasheim

Fugleperspektiv



Grønlandsmåsen er like skinande som landet han kjem frå. Foto: Svein Arne Orvik

Englar i snøen

Ungmåsar i flokk er eit rufsete syn. Dei tre store – gråmåsen, svartbaken og sildemåsen – brukar fleire år på å få fram dei stilige vaksendraktene i kvitt, svart og grått. I ungdomsåra går det i uryddige spettar, vengene er ujamnt mørke, og det heile ser heller ustrigla ut.

To gjester frå Arktis lyser opp i dette selskapet. Polarmåsen og grønlandsmåsen har ein heilt eigen palett: Her er ungfuglane fint mønstra i kvitt og lysebrunt. For kvart år som går, vert dei lysare. Toåringane har knapt anna pigment enn eit kaneldryss over akslene. Der andre måsar har svarte tuppar på vengefjørene, har gjestane frå nord drivkvite vengespissar.

Dei to kjem flagrande hit om vinteren – polarmåsen mellom anna frå Svalbard, grønlandsmåsen frå inuitlandet i vest. Oftast søkjer dei seg til fiskerihamnene våre i nord og vest. Det vanlege er å finne ein eller to av desse lyspunktta i måseflokkane – eller ingen.

Ved påsketider sig dei heim til isøyd, som kler dei best.

SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.